06/26 Innkalling til møte i Strandebarm sokneråd

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 15.10. kl 19.00-21.00

Meld forfall til Margun, tlf 909 22 572/ mmtordal@gmail.com eller Tor Håkon tlf 408 84 271

Har invitert Arne Gjerstad frå jubileumsnemnda og Gunnar Helle, kasserar, til møtet.

Opning: Lenie

SAKLISTE

Sak 38/26: Orientering om økonomiske resultat etter kyrkjejubileet v/Gunnar Helle

Sak 39/ 26: Godkjenning av innkalling og referat

Sak 40/26: Meldingar

Sak 41/26: Aktivitetsliste for trusopplæringa.

Sak 42/26: Endring i soknestrukturen?

Sak 43/26: Nominasjonsnemnd til soknerådsval

Sak 44/26: Offersøknader vår 2027

Sak 45/26: Alterduk på lager i kyrkja

Sak 46/26: Eventuelt

Sakspapir blir skrivne ut til møtet.

VELKOMMEN!

Sakliste:

38/26: Orientering om økonomiske resultat etter kyrkjejubileet v/Gunnar Helle

Framlegg til vedtak: Framlagde resultat blir teke til vitande.

39/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 10.08. 26.

Framlegg til vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 10.08.26 blir godkjent.

40/26: Meldingar:

Framlegg til vedtak: Framlagde meldingar blir tekne til vitande.

- Strandebarm sokneråd får melding frå soknepresten vår, Vetle Karlsen Eide, om at han sluttar hos oss for å gå over i ei rådgjevarstilling for diakoni, kyrkje og samfunn i Bjørgvin bispedømme, arbeidsstad Bergen. Sluttdato er litt usikkert, men mest sannsynleg 31.12.26. Det er med vemod me tar imot beskjeden fordi Vetle har hatt evna til å nå inn til folk og skapa gode møtestader i kyrkja i Strandebarm. Prost Arild Hellesøy jobbar med å finna mellombelse løysingar, og også nye søkjarar.
- Konfirmantfest vår-27 for årets konfirmantar er fastlagt til sundag 18.04.26 etter samtalegudstenesta.
- Vellukka konfirmantjubilantfest 27.09.26. Det kom 14 personar som var 50-årsjubilantar, tretten som var 60-års-, elleve 70-års- og ein 75-årsjubilant. Dei kom frå "heile landet", dvs folk frå Sørreisa i Troms, Gol, Sandnes og folk med meir lokal tilknyting. Dei sette stor pris på å samlast og var svært takknemlege for at soknerådet tar på seg dette arbeidet. Fekk beskjed om å takka soknerådet så mykje og be dykk om å halda fram med denne fine tradisjonen!
  Me kan gjerne sjå på festen som ein del av diakoniarbeidet i soknet vårt og at denne innarbeidde tradisjonen bør halda fram. Men me kan og gjerne ha ein dialog med kyrkjekontoret om dei kan påverka tolking av personvernreglane slik at ein kan få bruka adresseopplysningane som kyrkjekontoret har tilgong til gjennom Folkeregisteret, til å senda ut invitasjon til konfirmantjubilantar.
  Det er mykje arbeid for ein person å skaffa desse opplysningane sjølv. Konf.jubilantar hjelpte til denne gongen med å finna adresser, men det fall likevel mykje på arbeid på leiar med denne oppgåva.

Sak 41/26: Aktivitetsliste for trusopplæringa.

Framlegg til vedtak: Soknerådet godkjenner kateket Mampion si aktivitetsliste for trusopplæringa i Strandebarm sokn og at denne blir sendt uredigert til Bjørgvin bispedømme.

Sak 42/26: Endring i soknestrukturen?

Framlegg til vedtak: AU har diskutert saka og ynskjer å gå suksessivt fram i denne prosessen. AU kjem med framlegg om å fyrst prøva få folk til å vera med i ei nominasjonsnemnd og at

denne prøver å få kandidatar til ei valliste. Dersom det ikkje lukkast å finna nok kandidatar, vil soknerådet ta saka opp igjen til drøfting for å finna ein veg vidare.

Til soknevalet i Strandebarm i 2023 var det, som kjent, vanskeleg å få nok kandidatar til å fylle ei liste. Soknerådet blei redusert til 4 faste medlemmer og 3 vararepresentantar. Dei sistnemnde har møtt til kvart møte, og dette har vore ein styrke for soknerådet. Det har falle mykje praktisk arbeid på medlemmene i soknerådet, men dei fleste har stilt opp på alle arrangement der det krevst ein innsats. Det er svært prisverdig!

Det er viktig for soknerådet å få oversikt over kva moglegheiter ein har dersom det føreslegne vedtaket ikkje fører fram. Difor må me, i grove trekk, setja oss inn i kva som blir vegen vidare. Seniorrådgjevar for kommunikasjon og kyrkjeleg forvaltning i Bjørgvin bispedømme, Jens Z.Meyer har sendt oss oversikt over kva me bør vita før kyrkjevalet 2027.

Dersom me ynskjer å endra soknestrukturen, er det to alternativ:

a. Slå saman to eller fleire sokn til eitt sokn.
b. Behalda sokna, men ha felles sokneråd.

Sjå vedlegg som blir sendt med til saka. De har gjerne fått dette tidlegare, men det får så vera.

Sak 43/26: Nominasjonsnemnd til soknerådsval

Framlegg til vedtak: Soknerådet set ned ei nominasjonsnemnd som skal jobba med å skaffe kandidatar til å stå på valliste haust 2027. Nemnda må gjera det den kan for å få folk frå heile soknet på vallista og dermed få ei geografisk spreiing på kandidatane.

Sak 44/26: Offersøknader vår 2027.

Framlegg til vedtak: Soknerådet set opp ei liste over organisasjonar som skal få takkoffer ifrå Strandebarm kyrkjelyd våren-27. Leiar kan fordela takkoffera utover halvåret, men må prioritera Kirkens Nødhjelp og det felles misjonsprosjektet på Madagaskar med flest offertildelingar.

Sak 45/26: Alterduk på lager i kyrkja

Framlegg til vedtak: Alterduken har sett sine beste dagar og er ikkje eigna til å bli brukt, anna enn samanbretta. Den kan få ligge på lager i skuffa på prestesakristiet der den no ligg, til eventuelle påkomande tilfelle.

Monica, kyrkjetenar, gjorde oss merksame på duken og vil at soknerådet skal ta stiling til kva som skal gjerast med den. Duken er flekkete og ikkje eigna til å bli brukt utbretta.

Den blei brukt under kyrkjejubileet som underlag for ei Hardangerbunad-krune som blei stilt ut i kyrkja.

Sak 46/26: Eventuelt